# Uskedal Vassverk SA

.

**Olje og energidepartementet**
**v/NVE**
**Boks 5090**
**0301 OSLO** sendt: nve@nve.no

.

**Vår ref:** brev nve2 5463 Uskedalen, 08.05.2014

**Klage på vedtak om utbygging i Eikelva – sak nr 200906342:**

Vi ser av konsesjonspapira at røyrgatetraseen er tenkt lagt på austsida, og ikkje vestsida, som vi drøfta med utbyggjar ved siste møte.

Vi minner om konsekvensanalysen som konkluderar med at vestsida er det beste alternativet. Dette var vi også samde med utbyggjar om då vi møttest til drøftingar hausten 2013.

Det vil ikkje væra forsvarleg å leggja røyrgata på austsida av elva, ettersom det her vil verta mange djupe skjæringar, kryssing av mange bekker og store inngrep, som i lang tid framover vil væra til stor fåre med hensyn til forureining av reserveinntaket vårt på kote 85.

Det kan opplysast at vassverket ikkje lenger har krav til køyrbar veg inn til inntaket på «Flåtene». Dette grunna at utbyggjar no har teke på seg alt ansvar med å halda inntaket i operativ stand til ei kvar tid.

Vi, som representantar for 435 luteigarar, lyt konkludera med at dersom vi skal kunna einast om vilkår for utbyggjing, lyt røyrgatetraseen i alle høve leggjast på vestsida av elva.

For Uskedal Vassverk SA

Hans Reidar Kjærland Terje Myklebust

Kopi: Clemens Elvekraft pr mail «rolf.amundsen@clemenskraft.no

*** Formann: Hans Reidar Kjærland, 5463 Uskedalen , tlf 997 01819 *** No 953 030 624 MVA ***